

– et aktuelt læremiddel
i tidsskriftform

NORSKnytt

ISSN 0801 5368

- Eksamen 2017
- Arbeid med eksamensoppgåvene
- Krimquiz
- Andre verdenskrig i skjønnlitteratur
- Løvekvinnen: bok og film
- Ungdomsbøker

- Spenningsbygging
- Kommunikasjon
- Eksperimenter med språket
- Kva er eit blogginnlegg?
- Eksempelsvar
- Nye oppgaver til temaet



REDAKTØR: TONJE NØRINGSET BJORDAL

Kva er Norsknytt?

Norsknytt er eit læremiddel i tidsskriftformat, særleg mynta på norsklærarar i ungdomsskulen. Eit overordna mål for tidsskriftet er å tilby lærarar kopieringsoriginalar, praktiske undervisningstips og fagleg oppdatering. Norsknytt ønsker å gi liv og variasjon til norskundervisninga.

Norsknytt blei starta opp av norsklæraren Jon Hildrum i Namsos i 1976. Nord-Trøndelag fylkeskommune finansierte i ei lengre periode utgjevinga av Norsknytt, for å sikre at tidsskriftet blei tilgjengeleg for alle ungdomsskulane i Nord-Trøndelag. Seinare har tidsskriftet spreidd seg til resten av landet.

Alle tekstane i Norsknytt er omfatta av opphavsrett, men lærarar kan fritt kopiere alt stoff som er tilrettelagt for elevar.

Sidan oppstarten har Norsknytt hatt to redaktørar. Norsklærar Jon Hildrum var redaktør frå 1976 til 2006. Norsklærar Øystein Jetne var redaktør frå 2007 til 2016. Norsklærar Tonje Nøringset Bjordal er redaktør frå 2016.

Vil du abonnere?

Eit årsabonnement (fire nummer per år) kostar 695,- kroner. Bestillinga kan sendast til:

Norsknytt
Postboks 303
7601 LEVANGER

eller:

post@norsknytt.no

Bidragstytarar i dette nummeret:

Øystein Jetne
Tonje Nøringset Bjordal

Tidlegare årgangar

Abonnentar på Norsknytt har høve til å bestille tidlegare årgangar til redusert pris. Porto og sendekostnader kjem i tillegg:

♦ Årgangane frå 1990 til 1992 kostar 50,- kroner per årgang.

♦ Årgangane frå 1993 til 2006 kostar 200,- kroner per årgang.

♦ Årgangene fra 2007 til 2016 koster 350,- kroner per årgang.

Innholdsliste for Norsknytt 2/3-2017

- 3 Leiar
- 4 Bokomtale: Galderstjerna
- 5 Bokomtale: Jakten
- 6 Bokomtale: Mørket kommer innenfra
- 7 Andre verdskrig gjennom skjønnlitteratur
- 11 *Løvekvinnen*: bok og film
- 15 Eksamen i norsk våren 2017: Førebuingmaterialet
- 16 Eksamen i norsk våren 2017: Intro a-delen
- 19 Eksamen i norsk våren 2017: A-delen
- 29 Eksamen i norsk våren 2017: B-delen
- 55 Eksamen i norsk våren 2017: munnleg innfallsvinkel
- 59 Kva er eit blogginnlegg?
- 61 Krimquiz
- 63 Spenningsbygging
- 72 Bakside

NORSKnytt

Eksamen eks-amen eksa mene ksam en eksam-en ek samen e-ksame neksamen


Eksamen. Vi får aldri fred frå denne menneskeskapte trusselen som dukkar fram på nytt kvar vår, som ei spirande solsikke for nokre, som ein pansertett brunsnegle for andre. *Norsknytt*-redaksjonen har dykka djupt inn i denne direktoratmaterien og laga eit saftig knippe oppgåver som kan hjelpe ungdommane til å møte førebudde til eksamenssituasjonen, så vel som tentamen og andre skriveøker i norsk.

Denne våren var temaet kommunikasjon, ikkje mindre. I dette nummeret er noko fokus retta mot sjølve førebuingmateriellet, men mesteparten av utgåva rettar seg mot ordlyden i oppgåvene, både i a-delen og b-delen. Her er også nokre sider med alternative oppgåver til eksamensmateriellet. Blogginnlegg som sjanger blir problematisert i form av nokre spørsmål som kan vere aktuelle å drøfte for norskseksjonane rundt omkring. Meir om sjølve eksamen står også undervegs i bladet.

Heile nummeret er ikkje via til eksamen. Her er også fokus på skrivetrening og å kunne eksperimentere litt med eige språk. Her er åtte sider med oppgåver som kan gjere elevane meir merksame på korleis dei formulerer seg, samstundes som dei kan ha det moro – ein viktig eigenskap ved den kreative delen av norskfaget. Nokre av oppgåvene i dette settet rettar seg mot det å skrive spenningstekstar. Derfor er her også to sider med krimquiz.

Bokomtalar har vi også i dette nummeret, både av ungdomsbøker, men også ei samling romanar knytte til andre verdskrig. Vi har samla bøker der andre verdskrig er bakteppe. Dette er med eit tverrfagleg samarbeid mellom samfunnsfag og norsk i tankane. Mange norsklærarar har også samfunnsfag og då er det fint å kunne finne felt der desse overlappar. *Løvekvinnen* er eit nyleg filmatisert verk som kan tilføre usikre ungdommar mykje refleksjon om mellom anna kva skjønnheit er. Her er oppgåver til anten bok eller film, eventuelt ei samanlikning mellom boka og filmen.

Som alltid er redaksjonen interessert i alle former for innspel! Kontaktinformasjon finn du på motsett side.



Ungdomsroman

Vinnar av Uprisen 2017

Galderstjerna er første bok ut i *Vegandi*-serien. Vi møter Eirik som er veldig opptatt av dataspel. Vi får vere med inn og ut av spelet, og verkelegheit og fantasi glir over i kvarandre. Ei hending på starten av boka, som involverer både Eirik og mora, set moglegvis i gong ei mengd rare inntrykk og opplevingar.

Asbjørn Rydland står bak denne nye spenningsromanen for ungdom. Han bidrar dermed med eit fint tilskot til fantasy-sjangeren, som har blitt så populær dei siste åra. Når temaet i tillegg er dataspel, bør denne boka kunne brukast som åte for ikkje alltid like leseglade, dataspelentusiastiske ungdommar. Som bonus er boka i tillegg på nynorsk.

Språket i boka flyt lett og burde vere godt fordøyeleg for alle elevar på ungdomstrinnet som har noko leseerfaring, så vel på åttande trinn som på tiande trinn.

Vi får innblikk i alternative univers og andre verkelegheiter som set dei fysiske lovene på prøve. Heldigvis har mange ungdommar eit ope sinn og er klare for å leve seg inn i fantasien med liv og lyst.

Sjølv om norrøn mytologi ikkje lenger står eksplisitt nemnt i læreplanen, kan boka gi innsikt i norsk kulturarv. Denne blandinga av den digitale verda og den over tusen år gamle mytologien og historiene våre, er interessant og utprøvande.


Kva er samanhengen mellom den verkelege verda og denne nye dataspelverda? Kvifor har Eirik i det

heile hamna inni denne nye verda? Kva er det meininga at han skal gjere? Alle desse spørsmåla triggjar lesaren til å lese vidare.

Av mystiske element som dukkar opp i boka kan nemnast ein sølvrev, ein framand mann, magi og runesymbol. Skildringane i boka er spennande og får lesaren med seg. Boka er vanskeleg å legge frå seg.

Det blir spennande å sjå korleis oppføljarane i denne nye serien blir!

«Galderstjerna» (333 sider)
Rettleiande pris: 279,- kroner (pocket: 149,-)
Det Norske Samlaget 2016



Ungdomsroman

Brennaktuell spenningsroman

Spenningsboka *Jakten* tar opp eit viktig, aktuelt og alvorleg tema, om sosiale medium sine mørke sider.

Sosiale medium er ein stor del av ungdommar sine liv, men det er ikkje berre positive sider ved bruken av slike kommunikasjonskanalar. Denne boka problematiserer skuggesidene ved bruken av sosiale medium.

Boka tar for seg ei truverdig historie som ofte skjer i samfunnet vårt den dag i dag. Handlinga i romanen kretsar først og fremst rundt sosiale medium i skulelivet og kvardagslivet blant ungdommar flest. Ho tar for seg kor mykje Facebook styrer livet til dei fleste ungdommar.

Forfattaren av boka fortel om ein falsk profil på Facebook, der jenter blir pressa til å sende nakenbilde av seg sjølv.

For ei av jentene, med namnet Hanna, ender dette med ein stor tragedie. Gjennom boka følgjer vi to

ungdommar, Eric og Live, som prøver å finne ut kven overgriparen er, men set seg sjølv i fare undervegs.

Forfattaren skriv på ein måte som gjer at det passar inn i ungdommen si språkverd. Ein treng ikkje vere ein veldig erfaren lesar for å komme gjennom denne boka.

Skildringane av ungdomsliv, press, nakenbilde, kriminalitet, sjølv mord og sosiale medium er sterke og realistiske. Ein får innblikk i kor langt det kan gå dersom ein ikkje tenker seg nøye om i den nettbaserte verkelegheita som livet trass alt har blitt for mange.

Tom Kristensen:
«Jakten» (160 sider)
Pris: 279,- kroner
Cappelen Damm 2016



Ungdomsroman

Virkelighetsnær dystopi

I denne spenningsromanen om et samfunn som trues av maktmisbruk klarer Tronstad å skape høy puls fra første stund. *Mørket kommer innenfra* føyer seg inn i rekken av dystopiske fortellinger, men skiller seg allikevel ut fordi den er så nifs.

Vi følger ungdommene Linnea og Max, som desperat prøver å finne sin vei i en hjemby som blir mer og mer skremmende. Opprørets time er kommet og en hensynsløs bande har inntatt området. Her finnes ingen nåde, det er bare å flykte.

Selv om dette helt åpenbart er fiksjon, er skildringene såpass livaktige at man føler at dette er noe som kunne skjedd i virkeligheten. På mange måter kunne dette vel så gjerne vært en skildring fra en faktisk krigssone.

I tillegg til å være en sjelden oppjagende og skummel spenningstekst, er dette også en roman som tilbyr informasjon mellom linjene for reflekterte lesere. Sånn

sett har boka ingen øvre aldersgrense, slik mange ungdomsromaner kan ha. Språket flyter dessuten lett.

Tillit og svik blir sentralt når hovedpersonene oppdager at mennesker de trodde de kunne stole på, kanskje ikke er like pålitelige allikevel. Man risikerer å sitte igjen med en vond klump og foruroligende følelse i magen når man leser denne boka.

Tyra Teodora Tronstad:
«Mørket kommer innenfra» (256 sider)
Pris: 299,- kroner
Aschehoug 2016

Andre verdskrig gjennom skjønnlitteratur

Kvifor ikkje slå to fluger i ein smekk og lese romanar der handlinga er lagt til andre verdskrig? Så får ein knaggar å henge historiske hendingar på samtidig som ein får lese skjønnlitteratur. Under følgjer ei liste over gode bøker med andre verdskrig som bakteppe. Bøkene varierer i vanskegrad.



Anthony Doerr: *Alt lyset vi ikke ser*

Ein foreldrelaus, tysk gut og ei blind, fransk jente møtest på grunn av dramatiske og tragiske omstende under andre verdskrig. Vi møter både menneske som flyktar frå nazistane og menneske som er med å støtte okkupasjonsmakta. Tidslinja beveger seg litt fram og tilbake, mellom dei første krigsåra og slutten på krigen. I tillegg er ein verdifull diamant på avvegar, og nokre meiner denne til og med er forheksa.

Boken er rimeleg lett å lese og inneheld mange vakre skildringar med ei poetisk utforming. Ho passar nok best for dei litt meir modne og erfarne lesarane på 10. trinn, både på grunn av innhaldet og lengda på 634 sider.



John Boyne: *Gutten i den stripete pyjamasen*

Denne brutale historia om vennskapet mellom to unge gutar rører ein kvar lesar. Året er 1942 og vi følgjer Bruno, som bur i eit herskapskupp ikkje langt unna ein polsk konsentrasjonsleir. Han blir kjent med Shmuel, som er jødisk fange i leiren. Eit høgt gjerde og ei delt verd skil dei to frå kvarandre, men menneskelege eigenskapar som kanskje berre barn kan få fram, gjer at dei to gutane får eit heilt spesielt forhold.


Boka finst også i illustrert utgåve for dei litt yngre eller svakare lesarar, samt i filmversjon.



Anne Frank: *Anne Franks dagbok*

Denne velkjente klassikaren omhandlar skildringane til Anne Frank, som gøymmer seg på eit loft saman med familien sin i Nederland under andre verdskrig. Nazistar truar stadig med å oppdage dei. I heile to år lever dei i dekning og er ofte nær ved å bli oppdaga. Filmen basert på boka er også blitt ein klassikar.

Boka har eit språk som eg greitt å lese og passar fint for elevar på ungdomstrinnet, spesielt på grunn av alderen til Anne Frank.



Tatiana de Rosnay: *Saras nøkkel*

Vi møter Sara, som er ei ti år gammal, jødisk jente frå Paris. Året er 1942. Når familien blir arrestert, prøver Sara å redde veslebroren sin ved å låse han inn i eit skap. Mange år seinare følgjer vi ein journalist som nøstar opp i det som skjedde under den store innsamlinga av jødar i Paris 1942. Hendingane frå krigen kryssar notida og journalisten oppdagar band ho ikkje var klar over at eksisterte.

Boka passar best for ein erfaren lesar på ungdomstrinnet.



Ken Follett: *Vinter over verden*


Dette er andre bok i krigstrilogien til Ken Follett. Vi følger familiar frå både USA, Frankrike, Russland, Storbritannia og Tyskland, etterkommarane etter første bok i serien (*Kjempenes fall*). Krigen både splittar og samlar familiar. Vi følgjer opptakta til krigen, korleis Hitler og nazistpartiet kom til makta i Tyskland, og dei brutale krigsåra. Boka er omfattande og passar best for erfarne lesarar som ikkje blir skremt av murklossfaktoren. Her er også nokre lange parti med tettpakka historiske utgreingar. Språket er elles lett å lese.



Margi Preus: *Spiongutten*

Vi er i Noreg under andre verdskrig. Vi følgjer fjorten år gamle Espen som blir med i motstandsørsla. Espen får stadig meir risikofylte oppdrag. Ingen stolar på kvarandre. Mistillit forringar både vennskap og lokalmiljøet. Historia er basert på hendingar som har funne stad.


Boka passer godt for lesarar på ungdomstrinnet, ikkje for avansert språkleg.



Michelle Magorian: *God natt, mister Tom*

Under andre verdskrig blei mange barn evakuerte frå London og sendt til den engelske landsbygda. Vi følgjer Willie, som blir plassert hos Tom, ein einsleg mann som stort sett har halde seg for seg sjølv. Willie har mangla mykje gjennom oppveksten og får ein ny start midt oppi alt som skjer under krigen. Når Willie blir henta av mor si, og returnerer til London, er det ikkje uproblematisk. Boka er spennande og rørende med eit sterkt historisk bakteppe.

Boka kan passe for dei yngste på ungdomstrinnet då ho er ganske lett språk.



Art Spiegelman: *Maus*

Jødane sin kamp under andre verdskrig er her framstilt gjennom teikneserie. Jødane er mus, medan nazistane er kattar. Vi får eit nytt perspektiv på Holocaust. Dette kan vere ei fin støtte for svake lesarar, både på grunn av at teksten er supplert med bilde, og gjennom dei ulike nasjonalitetane framstilt gjennom dyr. Amerikanarane er hundar, franskmennene er froskar og polakkane er grisar. For elevar som har vanskar med å halde oversikt over kven som hadde kva rolle under krigen, er dette fine knaggar å feste rollene på!



Jon Ewo: *1957*

Jon Ewo presenterer eit tenkt Scenario der Noreg aldri blei frigjort frå nazistane etter andre verdskrig. Vi følgjer 16 år gamle Monika som må velje side i eit land som er styrt av SS og Heinrich Himmler. Boka passar for elevar på ungdomstrinnet, og som utgangspunkt for å reflektere over korleis historia kunne ha utvikla seg, kvifor det ikkje blei slik og kva som skulle til for at det hadde blitt annleis. Ettersom boka er fiktiv, er det viktig å understreke dette. Kanskje bør elevar som les denne ha eit stødig historiegrunnlag, for å unngå å bli endå meir forvirra?



Marianne Kaurin: *Nærmere høst*

Denne ungdomsromanen finn stad i Oslo. Vi møter Sonja som ventar på at søstera Ilse skal komme heim. I staden for bankar brått tre politimenn på døra. Vi får innsikt i kva det kunne innebere å bu i hovudstaden under andre verdskrig, kva håp er og kor tilfeldig alt kan vere.


Boka passar godt for elevar på ungdomstrinnet.



Sigurd Hoel: *Møte ved milepelen*

Kva gjorde at nokre nordmenn enda som landssvikarar under andre verdskrig, medan andre blei med i motstandsørsla? Var det tilfeldigheter? Denne klassikaren stiller spørsmål ved kva kjærleik og svik eigentleg er. Kva skal til for at ein ofrar menneske som står ein nær, til fordel for noko ein trur på?


Boka passar for den litt meir erfarne lesaren.



Markus Zusak: *Boktyven*

Under krigen blei mange bøker brende, kunnskap kunne vere farleg. Liesel er ni år gammal og har nyleg blitt separert frå foreldra i det naziststyrte Tyskland. Liesel er veldig glad i bøker. Bøkene blir det som held livsgnisten hennar gåande. Spesielt med denne boka er at «Døden» er forteljar.


Boka passar for ein erfaren lesar blant dei eldste på ungdomstrinnet.



Jan Guillou: *Blå stjerne*

Blå stjerne er femte bok i Guillou sin serie om det 20. århundre. Kvinner kan også ta del i krig og spionasje. Johanne, dotter av Lauritz, er litteraturvitar og språkmektig. Ho framstår som ei stor heltinne og viktig deltakar i motstandskampen under krigen.

Boka eignar seg for gode lesarar.



David Howarth: *Ni liv*

Denne klassikaren av ei bok tar for seg Jan Baalsrud si flukt frå Nord-Noreg til Sverige under andre verdskrig. Baalsrud er den einaste som slepper unna når tyskarane oppdagar motstandsørsla sitt forsøk på å sabotere for okkupasjonsmakta. Året er 1943 og andre verdskrig pågår for fullt.


Boka passar for gode lesarar på ungdomstrinnet.



Ingunn Røyset: *Dei et ikkje sjokoladepålegg i krigen*

Dagny vaknar ein dag i senga til mormora si, og oppdagar at ho er sendt tilbake i tid, til 1945. I tillegg er ho i bestemora sin kropp og får oppleve krigen på huda. Ein får eit innblikk i kvardagen under krigen, gjennom auga til eit barn.


Boka kan passe for dei yngre på ungdomstrinnet då ho er ganske lett å lese.



Harald Utter: *Gutten som lurte Gestapo*

Året er 1941 og vi er i Noreg. Mange jobba aktivt for å få slutt på okkupasjonen og overgrepa som nazistane stod bak. Vi følgjer 16 år gamle Øistein, som risikerer livet for å arbeide mot Gestapo, for Milorg. Historia er basert på verkelege hendingar og personar.

Boka er informasjonstett og passar for litt meir drivne lesarar på ungdomstrinnet.



Løvekvinnen av Erik Fosnes Hansen

Boka *Løvekvinnen* blei skriva i 2006. Handlinga er lagt til 1912 . Romanen tar opp evigaktuelle tema som einsemd, å vere annleis, sladderkultur og seksualitet.

Eva Arctander er hovudpersonen i boka, og sjølv løvekinna. Ho blir fødd med pels på heile kroppen, til alle si store overrasking. Mora døyr under fødselen og far hennar, som arbeider som stasjonsmeister, er dermed åleine med den noko spesielle jenta og barneoppsedinga.

Far til Eva slit med å ta inn over seg den noko spesielle utsjånaden til dottera. Han får imidlertid god hjelp av hushjelpa Hanna og ein noko snodig skruer som blir kalla «Gnisten», som bur i tilknytning til jernbanestasjonen. Gnisten gir Eva innføring i morsekodar og sitt eige vesle univers som ikkje er avhengig av folk si godkjenning. Han er også litt annleis.

Å vere annleis er eit sentralt tema i boka. Eva og hennar nærmaste gjennomgår mange vanskelege møte med lokalsamfunnet. Eva må dessutan finne seg sjølv i ei verd der ingen er som henne. Ho må utvikle eit heilt unikt sjølvstende.

Boka passar for litt meir erfarne lesarar med sitt noko samansette språk og høgtsvevande, men poetiske skildringar.

I 2016 kom filmen basert på boka til Fosnes Hansen. Alle dei tre skandinaviske språka er representert og filmen utgjer såleis eit interessant studium også språkleg sett.

Erik Fosnes Hansen:
«Løvekvinnen» (421 sider)
Pris: 169 (pocket)
Cappelen Damm 2006

Etterarbeid til *Løvekvinnen*

Handling:

1. Kva handlar boka/filmen om? Skriv eit kort handlingsreferat.
2. Korleis er oppbygginga? Lag ei tidslinje med oversikt over kva som skjer når i livet til Eva.
3. Kvifor trur du alle dei tre skandinaviske landa er representert i filmen/boka?

Personkarakteristikk:

4. Kva personlege eigenskapar har Eva? Skildre hennar indre eigenskapar.
5. Korleis framstår far til Eva, stasjonsmeister Arctander? Skildre hans indre eigenskapar.
6. Kva personlege eigenskapar har Hanna? Skildre hennar indre eigenskapar.
7. Gjennomgår nokon av personane ei endring i løpet av boka/filmen? Korleis? Kva trur du kan ha vore grunnen til denne endringa?
8. Skildre Arvid sine indre eigenskapar. Kven er han?

Miljø:

9. Korleis er miljøet rundt Eva Arctander og faren hennar? Få med både fysisk og sosialt miljø.
10. Kva er dei største forskjellane mellom å leve i Noreg i dag og i 1912?
11. Er noko av handlinga i boka/filmen prega av at personane eller lokalmiljøet er religiøst? Korleis? Kva gjer dette eventuelt med relasjonen mellom menneska?
12. Korleis er relasjonen mellom Eva og klassekameratane?
13. Korleis er relasjonen mellom Eva og koret?
14. Korleis er forholdet mellom Eva og Arvid?
15. Kvifor er vennskapet mellom Eva Arctander og Gnisten så sterkt?
16. Korleis verkar miljøet på spaet inn på Eva si tilstand?


Tema og budskap:

17. Kvifor trur du Eva går tilbake til Fredheim for å møte deltakarane i varieteen?
18. Kva skjer på slutten av filmen?
19. Kva skjer på slutten av boka?
20. Gjennomgår Eva nokon personlege endringar i løpet av boka/filmen?
21. Kva kan vere budskapet til forfattaren?




Bok og film

Ved filmatisering av ei bok, må regissøren alltid ta nokre val for korleis handlinga i boka skal framstillast, korleis personane blir oppfatta, korleis miljøet skal vere og mykje meir. For mange kan dei bilda ein har skapt i hovudet etter å ha lese ei bok, skilje seg svært frå korleis filmskaparane har tolka den same teksten. Under ser du ein tabell der du kan skrive inn eventuelle forskjellar mellom det inntrykket du har fått av personane gjennom boka og det inntrykket du sit att med etter å ha sett filmen.



Karakter	Bok	Film
Eva		
Stasjons- meisteren		
Gnisten		
Hanna		
Folk frå lokalsamfunnet		
Start/innleiing		
Miljø		
Bodskap		
Avslutning		

Kreative oppgåver



Oppgåve 1:

Tenk deg at du er Eva. Lag ein bloggpost der du framstiller deg sjølv slik du tenker deg at ho ønsker å framstå for andre. Bruk både bilde og tekst, eventuelt illustrasjonar. Dersom du ikkje har tilgang på PC, kan du lage bloggposten for hand i skriveboka di og teikne.

Oppgåve 2:

Iscenesett eit bilde meint for Instagram. Få fram det du meiner er budskapet i filmen/boka.

Oppgåve 3:

Skriv ei novelle der du tar Hanna sin synsvinkel. Konflikten i teksten skal vere at Eva får kommentarar slengt etter seg, at ho blir stirra intenst på og kjenner seg såra, eller at faren blir oppfarande. Du kan godt ta utgangspunkt i ei av scenene frå filmen eller boka, der nokon gjer narr av Eva eller stirrar på henne.

Drøftingsoppgåver

Oppgåve 1:

Eva er fødd med hår på heile kroppen. Ho blir møtt med veldig mange tydeleg overraska og til tider dømmande blikk frå andre folk, både på gata og i miljøa der ho vankar.

Korleis trur de det er å heile tida kjenne seg stira på på ein slik måte? Kan de trekke fram døme på nokon som kan vere i ein slik situasjon?

Oppgåve 2:

Kven er vakker? Kva er det som avgjer om eit menneske er vakkert? Trur du dette er likt over heile verda? Kan ein «stygg» person bli vakker? Kan ein vakker person bli stygg?

Diskuter i gruppa kva som bestemmer skjønnheita til eit menneske. Bruk døme frå *Løvekvinnen*.

Oppgåve 3:

Eva blir store delar av livet, spesielt i barndommen, beskytta mot omverda. Ho må tidvis halde seg innandørs saman med faren, Hanna og Gnisten.

Kor trur de det er best for Eva å vere? Saman med faren og Hanna på togstasjonen, saman med varieteen på turne eller på rehabiliteringsspaet? Grunngi.

Eksamen i norsk skriftleg våren 2017

Tema: kommunikasjon


A-delen

Norskeksamen i grunnskulen våren 2017 var, som tidlegare år, noko nyskapande. Temaet kommunikasjon var omfattande, men i seg sjølv ikkje unaturleg i eit fag som norsk.

For første gong gjekk oppgåve A1 ut på å skrive ein skjønnlitterær tekst, ikkje ein sakprosa tekst knytt til ein vedlagt tekst. I år, på hovudmålsdagen, skulle elevane lese diktet «Sykkelstyret» av Nordahl Grieg, i modernisert språkdrakt, både på bokmål og nynorsk. Deretter skulle dei fortelje historia frå diktet i eg-person. Dette er ei klassisk oppgåve der elevane kan la seg rive med og i farta «gløyme» at oppgåveteksten faktisk har ei rekke temmeleg spesifikke krav, som at ein skulle sjå hendingane frå anten jenta eller guten i diktet sin synsvinkel. I tillegg var det eit teknisk krav om at teksten skulle innehalde mellom 200 og 350 ord.

Kanskje spesielt overraskande var oppgåve A2 på hovudmålsdagen, der elevane skulle analysere utvalde ord frå diktet til Grieg. Oppgåva kunne nok bidra godt til å skilje mellom nivå blant elevtekstane. Likevel kunne oppgåva løysast ganske rett fram med fokus på enkle grammatiske omgrep og grunnleggande kunnskap om språk. Innleiinga til oppgåva sikra også at alle fekk med seg at dette er eit spesifikt læreplanmål. I denne oppgåva kunne innleiingsavsnittet bidra med spesielt mykje informasjon til eleven om kva som var forventa, eller korleis ein kunne løyse oppgåva.

I a-delen på sidemålsdagen var det ein humoristisk annonse frå nettstaden finn.no som var utgangspunkt for kommentar, eller det enkelte elevar (og lærarar) framleis insisterer på å omtale som analyse. Oppgåvebestillinga var relativt kortfatta, men teksten romma så mangt. Eit godt svar kunne ta for seg både det eine og det andre.



Førebuingmateriellet eksamen

våren 2017



Temaet for årets eksamen i norsk skriftleg var kommunikasjon. Under følgjer ei oversikt over innhaldet i heftet. I kolonnane til høgre kan elevane skriv inn stikkord til innhaldet, tilknytning til temaet og eventuelt bruk i eigen tekst.

Kjelde	Kva handlar kjelda om? Skriv fem stikkord	Kva tilknytning er det mellom kjelda og temaet kommunikasjon?	Korleis ser du for deg at denne kjelda kan brukast i ein tekst?
Kommunikasjonsmodell: Sendar – budskap – mottakar			
Definisjon av ordet `kommunikasjon`			
Før måltidet: Teikning av måltidet før og no			
Mills-reklame 50-talsaktig reklame for majones			
SKAM og ungdomsspråk Bilde av gjengen i <i>Skam</i> og utdrag frå SMS-chat			
Sameblod (film): Om minoritetar og språk			
Stortingsvedtak Mot hatefulle, diskriminerande og trakasserande ytringar			

Førebuingsmateriellet eksamen

våren 2017



Kjelde	Kva handlar kjelda om? Skriv fem stikkord	Kva tilknytning er det mellom kjelda og temaet kommunikasjon?	Korleis ser du for deg at denne kjelda kan brukast i ein tekst?
Karpe Diem Songar om hatprat i kommentarfelta			
Hatprat Om fenomenet blant politikarar og journalistar			
Sinna mann Utdrag frå bildebok med same namn			
Duell i klasserom 17: Svensk novelle om ein skule med problemmiljø			
Flørteskulen Utdrag frå boka «Verdas viktigaste bok»			
Småprat kan lære nokon å snakke norsk Artikkel med tips til korleis ein kan øve på norsk			

Førebuingsmateriellet eksamen

våren 2017



Kjelde	Kva handlar kjelda om? Skriv fem stikkord	Kva tilknytning er det mellom kjelda og temaet kommunikasjon?	Korleis ser du for deg at denne kjelda kan brukast i ein tekst?
Kongens tale + skriveoppgåve: Tale av Kong Harald + skriveoppgåve			
Elevtekst: Svar på oppgåva til Kongens tale			
Respons frå lærar: Læraren si tilbakemelding på elevteksten om kongens tale			
Si "hei!", for faen: Illustrasjon + tekst om kommunikasjon mellom ukjende			
Från djungeltelegraf till internet Innhaldsliste frå ei svensk bok om utviklinga og historia til massemedium.			

Generelle spørsmål til førebuingsmateriellet:

- Kva for ulike sjangrar er representerte i heftet?
- Har alle tekstane ei tydeleg tilknytning til temaet?
- Kva for oppgåver kan kome ut frå desse tekstane?
- Kva for tekstar er enkle å forstå? Kvifor?
- Kva for tekstar er vanskelege å forstå? Kvifor?
- Heng nokre av tekstane saman?
- Kva for tekstar kan naturleg opptre som kjelder i same tekst?
- Kva for fagomgrep kan du få ut av førebuingsmateriellet?
- Kva nettsider og andre kjelder kan vere naturleg å besøke etter at du har lese gjennom førebuingsmateriellet?

Eksamensoppgave A1 i norsk hovedmål våren 2017:

Les diktet "Sykkelstyret" av Nordahl Grieg i vedlegg 1 (her: lenger nede på denne siden).

Et sommermagasin for alle aldersgrupper ønsker å trykke nyskrevne tekster med utgangspunkt i gamle dikt. Sommermagasinet ønsker at de nyskrevne tekstene skal inneholde mellom 200 og 350 ord.

Skriv en tekst for sommermagasinet der du med egne ord forteller historien i diktet "Sykkelstyret" med enten gutten eller jenta som jeg-person. I teksten din skal du få fram hva jeg-personen tror om hva den andre personen tenker.

Bruk "Sykkelstyret" som overskrift.

Du kan for eksempel velge å forme teksten din som en fortelling.

Spørsmål å ta stilling til i førskrivingsfasen:

1. Hvilke opplysninger i oppgaveteksten er de tre viktigste å ta hensyn til før du begynner å skrive?
2. Hvem er leserne av dette sommermagasinet, tror du? Hva kan du gjøre for å henvende deg til mottakerne på en god måte?
3. Hvordan henger de to delene av oppgavens ordlyd sammen? Hvorfor er oppgaveteksten (den med fet skrift) delt i to?
4. Hva er egentlig "en tekst"?
5. Hva kan være ment med den siste setningen, uten fet skrift, der det står at du "for eksempel" kan skrive teksten som en fortelling? Hvilke andre alternativer finnes?
6. Hvis du er usikker på hva enkeltord i diktet betyr – hva bør du gjøre?
7. Hva taler for å markere verbene i diktet før du begynner å skrive?
8. Hva taler for å bygge opp svaret ditt som en fortelling? Hva taler for å løse oppgaven på en annen måte? Hvilke andre sjangre kunne du skrevet som svar på en slik oppgave?
9. Svarer du fortsatt på oppgaven hvis du skriver kun **ett** avsnitt med skildringer av et par tanker hos enten gutten eller jenta?
10. Hvilke tanker får du fram hvis du hurtigskriver om dine tanker om diktet i fem minutter? Sett på stoppeklokke og prøv!
11. Finnes det tekster i forberedelsesmaterialet som dreier seg om noe av det samme som innholdet i diktet?
12. Hvilken stemning sitter du igjen med etter å ha lest dette diktet? Lukk øynene.

Sykkelstyret

Nordahl Grieg

Det glitrer blankt i et sykkelstyre.
Nu er det juni og heggeduft.
Og unge piker har tynde tøie
imellem sig og den lyse luft.

De går på veien med hver sin sykkel.
I taushet vandrer de, to og to.
Men bak dem driver de unge gutter
i søndagsblådress og brune sko.

Og de blir modige: Lån mig syklen!
Det får de lov til, de unge mænd,
Blå dresser suser langs hvite hegger.
Så får hun sykkelen sin igjen.

Men nu går gutten ved hendes side,
hans djerpe plan er blitt kront med held:
han holder taket i sykkelstyret!
Og rundt omkring er det junikveld.

Og hendes hånd er på andre siden,
den gjør et kjærtegn, en liten sving:
vi går og holder på noget sammen!
Og begge later som ingenting.

De går på veien ganske tause,
med hjertet fylt av hvad begge vet,
mens næven knuger det blanke
nikkel.
O sykkelstyre. O kjærlighet.

Eksamensoppgave A1 i norsk hovedmål våren 2017:

Jfr. fullstendig oppgavetekst på forrige side: Skriv en tekst for sommermagasinet der du med egne ord forteller historien i diktet «Sykkelstyret» med enten gutten eller jenta som jeg-person. I teksten din skal du få fram hva jeg-personen tror om hva den andre personen tenker.

Oppgave:

Nedenfor ser du seks eksempelsvar. Sjekk om skribenten har svart på oppgavebestillingen ved å skrive i margin utenfor teksteksemplene og krysse av i skjemaet nederst i oppgaven.

Tekst A:

Han går der, ved siden av meg, og smiler litt kleint. Beskjeden. Jeg tør ikke se bort på ham. Jeg klamrer meg til sykkelstyret, vil aldri slippe. Tenk at han gav dem sykkel sin for å redde meg. Jeg er ør av noe som kan være både takknemlighet og kjærlighet. Jeg vet ikke forskjellen.

Jeg tenker på hvordan jeg kan gi ham noe tilbake. Kanskje jeg skal spørre om han vil være med på piknik en dag? Det er fremdeles ganske lenge igjen av sommerferien. Vi kunne bade i tjernet oppe ved Hundekollen.

Blikket hans brenner mot kinnet mitt. Jeg tør ikke møte det, jeg er for flau. Å kjenne varmen fra sykkelstyret som vi begge holder i, er intenst nok. Jeg har lyst å bare gå slik, ved siden av ham, uten å tenke på hva som skal skje etterpå. Uten å måtte forholde meg til virkeligheten, til tiden.

Synes han dette er like fint som jeg synes? Jeg er i hvert fall veldig fornøyd med situasjonen. Inni meg har jeg en forestilling om at han, som meg, tenker på hvor fint vi to skal få det sammen. Hvor fint alt skal bli nå når det er oss to. Vi kan klare alt sammen, så lenge vi har hverandre. Jeg har ingen andre ønsker for livet her og nå.

Plutselig stopper han opp og ser til siden, mot bebyggelsen der borte. Han ser på meg og jeg forstår at denne vakre stunden er over. Jeg får en klump i magen. Hvordan kan jeg være sikker på at vi får flere sjanser til å være sammen? Hvordan kan jeg vite at vi skal møtes igjen? Desperasjonen sprer seg rundt i kroppen min og jeg kjenner at jeg mister bevisstheten.



Tekst B:

Han hater sykkel sin. Har lyst å kaste den uti elva. Hvorfor kan ikke han få en ny sykkel, slik som den Thomas har? Han ser bort på elva. Tør han? Tør han å slippe sykkel forsiktig ned skråningen? La den bare forsvinne uti den blanke, dype elva?

Han ser rundt seg. Ingen. Stille triller han sykkel over på andre siden av veien. Den støvete landeveien blottlegger ham og de potensielle gjerningene han vurderer å gjøre. Han finner en busk som kan gi ham litt dekning. Ser oppover veien, nedover veien. Ingen.

Så slipper han taket. Sykkel triller et par meter nedover, før den velter og skraper mot bakken og plumper ut i vannet. Han teller sju bobler før den forsvinner ned i mørket. Bildet av den synkende sykkel erstattes av en flunkende ny sykkel, svart, med kule offroad dekk, mange gir og støtdempere. En sånn sykkel som man kan sykle i ulendt terreng med, ned fra fjellet. Han ser for seg Thomas og alle de andre kule gutta stå rundt sykkel med misunnelse i blikkene.

Han ser opp. På andre siden av elva står mor og ser på ham med tomme øyne. Han ser ned i bakken og skjønner at slaget er tapt.

Tekst C:

Jeg sprang etter dem der de gikk og holdt i hver sin sykkel. De så veldig oppslukte ut, i hverandre. Jeg tenkte på mamma og pappa som nettopp hadde flyttet fra hverandre. Følelsen av bitterhet steg opp i meg. At andre mennesker så lykelige ut var uutholdelig når jeg var i en sånn fortvilt situasjon. Jeg gikk rett hjem og slamret igjen døren etter meg.

Tekst D:

Jeg klamrer meg til sykkelstyret hennes. Svetten renner nedover nakken og ryggen. T-skjorta klistrer seg mot huden. Jeg holder på å koke over på utsiden, men på innsiden er det iskaldt. Katastrofescenario nummer 1 har inntruffet. På hvert eneste møte i Den grønne hanske har vi gjennomgått slike situasjoner. Og jeg vet akkurat hva jeg skal gjøre. Likevel holder nervene på å ta meg. Tankene mine jager rundt i hodet og prøver å få brikkene til å passe sammen. Hvem vet hva? Hvordan?

Mikrobrikken er borte. Blådressene tok sykkelstellet. Dersom de vet at mikrobrikken er gjemt inni foret på sykkelsetet, er slaget tapt. Er det Direktøren som har sendt dem for å få tak i kodene? Tusen spørsmål jager gjennom hodet mitt.

Og hun vet ingenting. Hun må ikke merke noe. Hun tror jeg bare er ute på en vanlig søndagstur. Jeg prøver å samle meg. Prøver å få nervene til å virke som simpel beskjedenhet. Hun sier ingenting, bare går der, helt stille, med hendene på sykkelstyret. Hva tenker hun på? Har hun gjennomskuet meg? Og dersom hun skjønner noe, kommer hun til å tyste?

Forsiktig ser jeg bort på henne. Hun stirrer intenst ned på beina sine. Jeg klarer ikke å lese henne. Hun smiler, et lett smil. Jeg kjenner at nervene skal til å slippe litt av taket, før hun plutselig løfter blikket og borer det inn i meg med svarte, spydspisse pupiller.

**Tekst E:**

Jeg ser dem streve seg oppover gata. Gutten ser ned på brosteinene og går sikksakk for å unngå å trakke på kantene. Også jenta går med hodet bøyd nedover, men hun sleper kofferten etter seg og ser ut til å ha mistet livsgnist. «Jeg hater de guttene der», tenker hun, mens hun går der ved siden av ham.

Det ser ut som gutten også hater guttene, men mest fordi de bryter inn i den romantiske seansen han prøver å få i stand.

Brått kommer guttegjengens springende mot de to og tar den ene sykkelstellet. Jeg blir stående handlingslammet og se på. Uansett er det ikke mye jeg kan bidra med. De må bare ordne opp selv. Plutselig innser jeg at guttegjengens har gjort paret en tjeneste, for nå går de og holder på samme sykkelstyre!

Finn til slutt ut om skribentene har svart skikkelig på innholdskravet ved å skrive inn «JA», «DELVIS» eller «NEI» på disse kontrollspørsmålene:

	Tekst A	Tekst B	Tekst C	Tekst D	Tekst E
Er teksten skrevet i jeg-person?					
Inneholder teksten informasjon om hva jeg-personen tenker om den andre personen?					
Ligger synsvinkelen hos enten jenta eller gutten i diktet?					
Er teksten på mellom 200 og 350 ord?					
Passer teksten for et sommermagasin?					
Handler teksten om det samme som i diktet?					

Eksamensoppgave A2 i norsk hovedmål våren 2017:

Ifølge læreplanen er det et mål at elevene skal kunne uttrykke seg med et variert ordforråd, beherske grammatiske begreper som viser hvordan språk er bygd opp, og bruke grammatiske begreper til å sammenligne nynorsk og bokmål.

Velg tre av de fem ordene/uttrykkene i punktlisten under, alle hentet fra diktet «Sykkelstyret».

Skriv en sammenhengende tekst der du kommenterer de tre ordene/uttrykkene. I svaret ditt skal du vise kunnskap om språk og grammatikk.

- **Et sykkelstyre**
- **Søndagsblådress**
- **Modige**
- **Hennes hånd**
- **Later**

Bruk «Ord om ord» som overskrift.

Spørsmål å stille seg i førskrivingsfasen på oppgave A2

- ❖ Kan tekstene i forberedelsesmateriellet bidra med noe? Hvilken tilknytning har denne oppgaven til temaet i forberedelsesmateriellet?
- ❖ Vet du hva begrepet «sammenhengende tekst» innebærer?
- ❖ Hvilke ordklasser er de ulike ordene/uttrykkene på punktlisten i oppgaven?
- ❖ Er det noen av ordene/uttrykkene du ikke forstår hva betyr, slik at du bør unngå å omtale dette/disse?
- ❖ Hva kan den påbudte overskriften «Ord om ord» si deg om hva oppgaven innebærer?
- ❖ Hva får du ut av innledningen til oppgaven? Altså det første avsnittet i oppgaven, som ikke står i uthevet skrift?
- ❖ Hva innebærer det å «kommentere» ordene/uttrykkene?
- ❖ Hva innebærer det å «vise kunnskap om språk og grammatikk»?
- ❖ Hva kan du om disse ordene/uttrykkene på listen? Lag et tankekart for hvert av ordene/uttrykkene.
- ❖ Tenk deg at du skulle fortelle om disse ordene/uttrykkene til en person som nettopp har lært å lese. Hva ville du tatt for deg? Hvor enkelt kan du forklare ordene og grammatikken bak?

Eksamensoppgave A2 i norsk hovedmål våren 2017:

Situasjon + oppgave:

Da Nils-Hektor hadde grublet en stund på oppgave A2, begynte han å skrive ned enkeltsetninger som han tenkte han kanskje kunne flette inn i svaret sitt. Men ikke alle setningene Nils-Hektor skrev i denne førskrivingsfasen, ble så gode at de fortjente å bli med videre. For hver setning skal du markere om påstanden som kommer fram i setningen, er relevant (R) eller irrelevant (I) ut fra den oppgaven som er gitt. Du skal også vurdere om innholdet i setningen er sant (S) eller usant (U).

		Relevant/ Irrelevant	Sant/ Usant
Eksempel	Ingen av strofene i diktet nevner navnene på noen av personene.	I	S
Setning A	Rekkefølgen på ordene er litt stokket om i nynorskversjonen, for der heter det «handa hennar» i stedet for «hennes hånd». På nynorsk er det vanlig å plassere eiendomsordet etter substantivet.		
Setning B	Verb er en vanlig ordklasse på både bokmål og nynorsk, og i diktet finner vi flere verb.		
Setning C	Diktet inneholder mange fine skildringer.		
Setning D	Substantivet «søndagsblådress» er et hankjønnsord på både bokmål og nynorsk. I begge versjonene av diktet står ordet i ubestemt form entall. Vi ser dermed ikke noen av de typiske endelsene for hankjønnsord (-en). Vi ser heller ikke at de blir bøydd forskjellig i flertall på nynorsk og bokmål.		
Setning E	Substantivet «sykkelstyre» er eit intetkjønnsord. Dette ser vi tydelig på artikkelen «eit» i nynorskversjonen og «et» i bokmålsversjonen.		
Setning F	Diktet får et annet budskap på nynorsk enn på bokmål.		
Setning G	«Heggeduft» rimer på «lyse luft». Her ser vi både enderim og kryssrim i hver strofe av diktet.		
Setning H	Jeg synes dette er et kjempesint dikt! Godt skrevet av Nordahl Grieg. Han var en flott fyr. Dessverre døde han under andre verdenskrig.		
Setning I	Ordet «modige» i tredje strofe er et adjektiv skrevet i flertallsform.		
Setning J	Substantivet «søndagsblådress» får fram en litt høytidelig stemning. Det gir også diktet en klang av en annen tid.		
Setning K	På bokmål bøyes verbet «å late» på en annen måte enn på nynorsk. Dette er et sterkt verb, noe vi ser ved at det kun har en stavelse i preteritum, på begge målformer. Et sterkt verb endrer også ofte stammevokal ved bøyning.		
Setning L	Den siste linjen i begge versjonene av diktet er kjempefin, klinger vakkert og understreker et veldig, veldig fint budskap.		
Setning M	I denne teksten skal jeg se nærmere på ulike bøyingsformer og forskjellene mellom nynorsk og bokmål.		
Setning N	Hankjønnsord får -er og -ene i flertall på bokmål, mens de på nynorsk får endelsene -ar og -ane i flertall. Dette er meget karakteristisk for substantiv på nynorsk.		
Setning O	«Et sykkelstyre» får en interessant form i siste strofe, siste linje: «O sykkelstyre». «O» er det kjemiske symbolet for oksygen, som er et veldig viktig grunnstoff. Jeg vet ikke hva Grieg mente med dette. Kanskje var han bare veldig glad i naturfag.		

Eksamensoppgave A2 i norsk hovedmål våren 2017:

Ifølge læreplanen er det et mål at elevene skal kunne uttrykke seg med et variert ordforråd, beherske grammatiske begreper som viser hvordan språk er bygd opp, og bruke grammatiske begreper til å sammenligne nynorsk og bokmål.

Velg tre av de fem ordene/uttrykkene i punktlisten under, alle hentet fra diktet «Sykkelstyret».

Oppgave: Under er personer fra «Duell i klasserom 17» listet opp. Fyll inn informasjon om personene. Gi en indre karakteristikk av personen i andre kolonne. I tredje kolonne gir du eksempler på situasjoner der den aktuelle personen kommuniserer. I fjerde kolonne viser du til minst ett sitat fra teksten som «beviser» det du har funnet av informasjon om personen.

Person fra novellen	Beskrivelse av personen	Kommunikasjon	Sitat fra teksten
Vikaren			
Slegga			
Rektor			
Wilhelm			
Gymlæreren			
Hassan			
Mobbeofferet/ Guttungen			
Andre lærere:			
Andre elever:			

Eksamensoppgåve «B5» i norsk sidemål våren 2017:

«Før måtte man ikke legge ut bilde av solnedgangen for å ha glede av den», står det i Mills-reklamen. Denne og fleire andre illustrasjonar frå førebuingmateriellet viser at unge menneske gjerne deler med kvarandre på sosiale medium.

Skriv ein tekst der du drøftar kva deling på sosiale medium kan føre til på godt og vondt.

Teksten skal publiserast i eit nettmagasin for ungdom. Dersom du bruker datamaskin, kan du velje å setje inn ein eller fleire illustrasjonar i teksten din.

Lag overskrift sjølv.

I forkant av at ein skriv ein tekst kan det vere ein fordel å lage ei oversikt over potensielle eksempel ein kan bruke i teksten sin. Under ser du nokre ruter med ulike personar som går på ungdomsskulen, og deira opplevingar knytt til sosiale medium. Nedst på sida finn du nokre oppgåver til desse.



Henrik fortel at han hadde grua seg til å begynne på ein ny ungdomsskule der han nesten ikkje kjende nokon. Då han kom heim første dagen, hadde han fått femten veneførespurnader av nye medelevar.



Elisabeth har fleire gonger fått tilsendt bilde av folk ho kjenner som er på fest. Ho synest det er fint å få med seg kva som skjer. Samtidig kjenner ho seg litt utanfor som ikkje er med på moroa.



Ingeborg fortel at klassen hennar har ei gruppe der dei deler informasjon om lekser, prøver og eventuelt anna som skjer på skulen og utanfor. Heile klassen er med i gruppa og av til er det veldig mykje aktivitet i gruppa.



Patrick seier at han av og til får tilsendt lettkledde bilde av andre elevar, som han ikkje nødvendigvis kjenner så godt, på Snapchat. Han synest det kan vere litt spennande, men også litt kleint. Han veit ikkje alltid korleis han skal svare.



Gandalf fortel at han var skeptisk til å skaffe seg Instagram i starten, men at han har blitt veldig glad i å ta bilde av maten sin og legge ut fleire gongar om dagen. Han får mange kompliment for at han et såpass sunt og for at maten ser så fin ut.



Eva fortel at ho og venninnene av og til tar bilde av gitar i gymtimen. Dei har ei privat Facebook-gruppe der dei legg ut bilda og kommenterer kroppen til gutane. Eva meiner dette fører jentegjengen nærmare kvarandre og at dei har veldig mykje moro saman.



Melinda foreslår at alle lærarane gjer som ein lærar ho hadde på barneskulen gjorde: legg ut alt som blir gjennomgått i timane på Facebook. Då kan ho vere på Facebook med godt samvit heile døgnet, og får med seg alt ho skal.



Pål fortel at han ofte får informasjon om kva medelevane hans skal i helgene fordi dei postar arrangement dei skal vere med på på Facebook. Av og til hender det at han blir interessert i ei hending og møter opp sjølv.

Oppgåver:

- 1) Kva for nokre av opplevingane skissert over er meiner du er døme på positive verknader av sosiale medium?
- 2) Kva for nokre av opplevingane skissert over meiner du er døme på negative verknader av sosiale medium?
- 3) Kva for tre-fire av opplevingane over ville du valt ut som døme i teksten din? Kvifor?
- 4) Kan du lage dine eigne ruter med opplevingar som du kunne tenke deg å ha med i ein slik tekst? Ta gjerne utgangspunkt i folk du kjenner som har erfaringar som du kan ta tak i.

Eksamensoppgåve «B5» i norsk sidemål våren 2017:

Skriv ein tekst der du drøftar kva deling på sosiale medium kan føre til på godt og vondt.

Teksten skal publiserast i eit nettmagasin for ungdom. Dersom du bruker datamaskin, kan du velje å setje inn ein eller fleire illustrasjonar i teksten din.

Situasjon:

Når du sit på eksamen og skal svare på oppgåva, kan perspektivet ditt fort låse seg. Løysinga di blir å dikte opp to ungdommar som kan stå som kontrastar til kvarandre: Den eine har berre positivt å seie om sosiale medium, den andre tar sterk avstand frå alle slike sosiale nettverk. Set deg inn i tankegangen til kvar av dei to personane si innstilling til sosiale medium og få fram argument for og imot det å dele informasjon på ein slik måte. Du treng ikkje nødvendigvis å skrive desse personane inn i teksten din, men gjennom å sjå saka systematisk frå to sider, kan det vere det blir lettare å trekke fram mange innfallsvinklar når du skal drøfte spørsmålet etterpå.

Utfordring:

Fyll ut tabellen nedanfor ved å skildre eigenskapar ved dei to ungdommane og få fram så mange forskjellar du kan mellom dei. Skriv inn ved sidan av bildet øvst i tabellen om vedkommande er for eller mot deling på sosiale medium. Hugs på at det planleggingsarbeidet som du gjer i førskrivingsfasen, kan spare deg for mykje tid i dei seinare skrivefasane!

Utsjånad		
Namn og alder		
Livsmotto		
Favorittfag		
Vennekrets		
Erfaring med sosiale medium		
Fritidsaktivitetar		
Familiebakgrunn/ forventningspress		
Argument 1 for/mot sosiale medium		
Argument 2		
Argument 3		
Argument 4		
Argument 5		

Eksamensoppgåve «B6» i norsk sidemål våren 2017:

Teksten «Från jungeltelegraf til internet» gir ei oversikt over korleis oppfinningar har gitt oss måtar å kommunisere på. Gjennom hundreåra har mange fantasert om at den neste store oppfinninga vil gjere det mogleg å reise i tid. Andre har erfart at ei reise mellom to stader kan vere som ei reise i tid.

Skriv ein tekst med overskrifta «Tidsreise».

Formålet med teksten din er å fortelje om ei tidsreise på ein måte som underheld og morar. Få fram at måten vi kommuniserer på, har forandra seg.

Du kan for eksempel velje å forme teksten din som ei forteljing eller som eit kåseri.

Oppgåve: Du har bestemt deg for å skrive eit kåseri som svar på oppgåva over. Under ser du ord knytt til kommunikasjon. Vel ti av boksane som du vil ha med i din eigen tekst. Klipp dei ut og plasser dei i den rekkefølga du kan sjå for deg dei ville passe. Kva for nokre innspel har du egne erfaringar å fortelje om? Kor kan du finne måtar å overdrive på? Kva kan bli ironisk? Kva må du ha med av ulike innspel for å oppfylle kravet om at teksten skal «fortelje om ei tidsreise»?

Skrivemaskin	PC	Dyrespråk	Politiske målsetningar	Flørting
Eldre person prøver å bruke Facebook	Bloggarar	Sensur	Handskrift	NRK
Fjernsyn	Talespråket	Smarttelefon	Boktrykkekunsten	Kommentarfelt
Jungeltelegrafen	Løkkeskrift	Ytringsfridom	Propaganda	Aviser
Instagram	Tv-seriar	Konkurranse	Digitale kamera	Sjekking
Nyheitene	Radioen under krigen	Skriftspråket	Føljetong	Reklame
Kroppsspråk som blir misforstått	Internett	Fasttelefon og mobiltelefon	Filmkamera	Nettavisar
Barneoppseding	Satelittelefon	Stumfilm	Brevskriving	Snapchat
Youtube	Løgner	Flaskepost	Runer	Massemedium

Eksamensoppgåve «B6» i norsk sidemål våren 2017:

Teksten «Från djungeltelegraf till internet» gir ei oversikt over korleis oppfinningar har gitt oss måtar å kommunisere på. Gjennom hundreåra har mange fantasert om at den neste store oppfinninga vil gjere det mogleg å reise i tid. Andre har erfart at ei reise mellom to stader kan vere som ei reise i tid.

Skriv ein tekst med overskrifta «Tidsreise».

Formålet med teksten din er å fortelje om ei tidsreise på ein måte som underheld og morar. Få fram at måten vi kommuniserer på, har forandra seg.

Du kan for eksempel velje å forme teksten din som ei forteljing eller som eit kåseri.

Spørsmål å ta stilling til i førskrivingsfasen:

1. Kva kan ei tidsreise vere for noko?
2. Kva tenker du på når det er snakk om ei reise i tid?
3. Kva teksttypar eller sjangrar er det som har som formål å underhalde lesaren?
4. Kva teksttypar eller sjangrar er det som har som formål å more lesaren?
5. Kva er det med måten vi kommuniserer på som har endra seg?
6. Kva type tekst er eigentleg «Från djungeltelegraf till internet»?
7. Korleis ser du for deg at du kan få bruk for teksten det er tipsa om i innleiinga til oppgåva, i din eigen tekst?
8. Er det ord i «Från djungeltelegraf till internet» som du ikkje forstår? Skriv dei ned og slå dei opp i ei nettbasert ordbok.
9. Kva kan tale for å skrive teksten som eit kåseri?
10. Kva kan tale for å skrive teksten som ei forteljing?
11. Når og korleis begynte menneska å kommunisere, trur du?
12. Korleis kommuniserer menneska om to hundre år, trur du?
13. Kan du tenke deg noko ved måten menneske kommuniserer på som er litt morosamt eller latterleg? Lag eit tankekart.
14. Kva måtar brukar du til å kommunisere på?
15. Kven kommuniserer du med til dagleg?
16. Kor mykje informasjon får du ut frå andre menneske sitt kroppsspråk?
17. Svarer du på det oppgåva spør etter dersom du skriv om ein gjeng som reiser tilbake i tid og får problem med internettdekninga?
18. Svarer du på det oppgåva spør etter dersom du skriv ein artikkel om fjernsynet si rolle i menneska sitt liv?

Eksamensoppgåve «B7» i norsk sidemål våren 2017:

Språk kan både skape og uttrykkje haldningar til andre menneske. I førebuingmateriellet har du møtt personar som av og til blir nemnde i diskusjonar om hatprat.

Er hatprat eit problem i dagens samfunn? Kva kan ein gjere for å stoppe hatprat? Skriv ein tekst der du reflekterer over desse to spørsmåla. Bruk eksempel frå nyare tid.

Skriv øvst i svaret ditt kvar du ønskjer at teksten din skal publiserast:

Anten

- I eit hefte som elevrådet ved skolen din skal gi ut som ein del av kampanjen «Her går grensa!»

Eller

- På nrk.no/ytring, ein nettstad for meningsytringar om aktuelle samfunnsspørsmål. Nettstaden tek ikkje imot ytringar på meir enn 1000 ord.

Spørsmål å ta stilling til i førskrivingsfasen:

1. Kva er hatprat?
2. Kva eksempel kjenner du til på hatprat?
3. Kven driv med hatprat, ut frå din kjennskap til fenomenet?
4. Innan kva ulike medium oppstår hatprat? Kan hatprat oppstå utanfor medium?
5. Svarer du på oppgåva dersom du skriv ei novelle?
6. Oppgåva tilbyr to ulike alternativ for plattformer å publisere teksten på. Kva type tekstar kan passe til dei ulike plattformene?
7. Er du helst innanfor eller utanfor oppgåva dersom du skriv ein humoristisk tekst der du trekker fram latterlege og overdrivne døme på hatprat?
8. Korleis kan du bruke låta «Lett å være rebell i kjellerleiligheten din?» i svaret på denne oppgåva?
9. Er du innanfor eller utanfor oppgåva dersom du diktar opp ein avisreportasje med eit netttroll?
10. Kva døme kan du finne på fenomenet hatprat på nettet eller andre stader?
11. Kva råd vil du gi til ein elev som har bestemt seg for å svare på oppgåva ved å skrive eit lesarinnlegg som svar på oppgåva?
12. Kva er diskriminering? Kva kan dette ha med hatprat å gjere?
13. Kva er trakassering? Kva kan dette ha med hatprat å gjere?
14. Kva for nokre tre tekstar eller bilde frå førebuingmateriellet kunne du brukt i eit svar på oppgåva over?
15. Kva assosiasjonar får du til ordet hatprat? A) Lag eit tankekart. B) Tenkeskriv i tre minutt utan å ta blyanten eller pennen opp frå arket.
16. Kvifor trur du nokre menneske, og til og med folkevalde og tilsynelatande ansvarlege politikarar, driv med hatprat? Skriv ned tre moglege forklaringar.
17. Kva kan ein gjere i staden for hatprat? Skriv ned tre forslag til alternative måtar å kommunisere ein aggressiv bodskap på.
18. I førebuingmaterialet er det ei lenke til ei Facebook-side: facebook.com/stopphatprat. Gå inn på denne sida og les dei tre første innlegga som kjem opp. Er det noko her du kan bruke i eit svar på oppgåva?

Eksamensoppgåve «B7» i norsk sidemål våren 2017:

Språk kan både skape og uttrykke haldningar til andre menneske. I førebuingmaterialet har du møtt personar som av og til blir nemnde i diskusjonar om hatprat.

Er hatprat eit problem i dagens samfunn? Kva kan ein gjere for å stoppe hatprat? Skriv ein tekst der du reflekterer over desse to spørsmåla. Bruk eksempel frå nyare tid.

(Jfr. informasjon om kor teksten din skal publiserast på førre side)

Utfordring:

Under ser du ei liste over ulike medium og situasjonar der hatprat kan oppstå. Jobben din er å fylle ut eksempel du har sett eller høyrte med eigne auge/øyre eller fått fortalt via andre. Alternativt kan du rett og slett dikte opp døme du kan tenke deg kunne oppstått i desse ulike kanalane. I kolonnen til høgre skal du prøve å tenke deg korleis dei ulike konkrete døma dine på hatprat kunne vore unngått.

Kanal for hatprat	Ditt døme på hatprat	Korleis kunne hatprat vore unngått i denne situasjonen?
Facebook		
Instagram		
Snapchat		
Kommentarfeltet til VG		
Skulen si digitale plattform		
SMS		
Politiske tale		
Lesarinnlegg		
Avisartikkel		
Ditt eige forslag 1:		
Ditt eige forslag 2:		
Ditt eige forslag 3:		

Eksamensoppgåve «B8» i norsk sidemål våren 2017:

Teksten «Småprat kan lære nokon å snakke norsk» inneheld fleire grunnar til at det kan vere vanskeleg å lære seg eit nytt språk. Ein kan og møte utfordringar i møte med ulike variantar av språket, for eksempel dialektar og ungdomsspråk.

Skriv ein tekst der du får fram morosame, gode eller pinlege opplevingar knytte til det å lære seg eit språk. Formålet med teksten din er å underhalde og å skape ettertanke hos lesaren.

Lag overskrift sjølv.

Du kan for eksempel velje å forme teksten din som ei forteljing eller som eit portrettintervju.

Oppgåve: I innleiinga til oppgåva over blir det vist til ein tekst i førebuingmateriellet. I denne teksten blir det lagt fram sju tips til korleis ein kan hjelpe til når folk skal lære eit nytt språk. Ofte kan ein tekst få ein original vri, og kanskje til og med bli humoristisk, dersom ein snur om på ting. Tenk deg at du skal ta utgangspunkt i desse sju tipsa, berre at dei er snudd på hovudet! Bruk tabellen nedanfor og fyll ut døme på konkrete situasjonar som kan passe.

Originaltips	Motsats	Konkret situasjon du ser for deg/korleis du kan bruke tipset eller motsatsen i ein tekst
Ta deg tid	Ikkje ta deg tid/ha dårleg tid/hast i veg	
Frykt ikkje stillheita	Frykt stillheita: gjer alt du kan for å unngå at det blir stilt.	
Alt er lov	Ingenting er lov: aldri bruk hendene og ansiktsuttrykk som støtte for det du vil seie.	
Unngå lærarrolla	Gå fullt og heilt inn i lærarrolla. Rett på alt, heile tida. Mas om grammatikk.	
Skap balanse i samtalen	Skap ubalanse. Prat heile tida slik at den andre ikkje kjem til.	
Vel riktig samtaletema	Vel eit kleint eller ubehageleg samtaletema.	
Hugs at språkstøttarar er verdifulle	Hugs at språkstøttarar er verdilause. Alle klarer seg best åleine.	

Eksamensoppgåve «B8» i norsk sidemål våren 2017:

Teksten «Småprat kan lære nokon å snakke norsk» inneheld fleire grunnar til at det kan vere vanskeleg å lære seg eit nytt språk. Ein kan og møte utfordringar i møte med ulike variantar av språket, for eksempel dialektar og ungdomsspråk.

Skriv ein tekst der du får fram morosame, gode eller pinlege opplevingar knytte til det å lære seg eit språk. Formålet med teksten din er å underhalde og å skape ettertanke hos lesaren.

Lag overskrift sjølv.

Du kan for eksempel velje å forme teksten din som ei forteljing eller som eit portrettintervju.

Oppgåve 1

Kva er ein underhaldande tekst?

Gå gjennom tekstsamlinga til læreboka di (dersom du har ei slik) eller søk på internett og finn døme på tekstar som er underhaldande.

Oppgåve 2

Lag eit tankekart over kva som er underhaldande i dine auge.

Oppgåve 3

Kva vil det seie å skape ettertanke?

Tenk tilbake på bøker du har lese, filmar du har sett, tv-seriar du har sett, musikk du har høyr, teaterstykke eller musikalar du har sett, talar du har høyr, nyheitssendingar, noveller, dikt, eventyr, segn, reklamar, annonsar, bilde, Facebook-statusar, sitat, visdomsord – kva som helst! Er det noko som har fått deg til å tenke spesielt mykje i etterkant? Med andre ord: kva er det som har skapt ettertanke hos deg?

Oppgåve 4

I kva situasjonar treng ein å lære seg eit nytt språk? Lag ei liste eller eit tankekart over kva situasjonar som kan vere aktuelle i denne samanhengen.

Oppgåve 5

Kva er småprat? I kva situasjonar brukar ein småprat? Kan du hugse ein gong du trengte å småprate? Skriv ei halv side der du skildrar denne situasjonen. Kva snakka du om? Kva tenkte du? Var du stressa? Likte du å småprate i denne situasjonen? Var det ubehageleg?

Oppgåve 6

Tenk deg at du skulle svare på oppgåva over ved å skrive eit portrettintervju. Lag ei liste over kva som skal vere med i eit portrettintervju.

Oppgåve 7


Nedst i oppgåva står det forslag til sjangrar du kan skrive som svar: forteljing og portrettintervju. Kan du tenke deg andre sjangrar du kunne skrive på denne oppgåva? Finn tre andre sjangrar du kunne skrive og skriv ned tre fordelar og tre ulemper med kvar av desse sjangrane.

SKRIVEOPPGÅVER – NYNORSK

TEMA: KOMMUNIKASJON

*Til venstre i toppteksten skriv du inn nummeret på den oppgåva du har valt.
Til høgre i toppteksten skriv du inn namn og klasse. I botnteksten set du inn sidenummer.*

Vel **ei** av oppgåvene nedanfor.



Oppgåve B1

Ved norskeksamnen våren 2017 stod teikninga ovanfor på framsida av oppgåveheftet.

Skriv ein tekst der du brukar teikninga så aktivt som mogleg for å forklare lesaren begrepet «kommunikasjon». I svaret ditt skal du mellom anna bruke desse omgrepa:

- mottakar
- kroppsspråk
- kommunikasjonsproblem
- skjult kommunikasjon
- trådløs kommunikasjon

Bruk tittelen «Kva er kommunikasjon?»

Oppgåve B2

I ytringa «Si “hei”, for faen!» irriterer forfattaren seg over at andre personar ikkje helsar og slår av ein prat. Andre tekstar i førebuingsmateriellet viser personar som av ulike grunnar unngår å snakke med andre.

Skriv ein tekst med tittelen «Lat meg få vere i fred, takk!». I teksten din skal du tydeleg vise at du har lese ytringa «Si “hei”, for faen!» og at du reagerer på innhaldet. Formålet med teksten din skal vere å få fram at det av og til kan vere godt å sleppe å kommunisere med andre.

Lag tittelen sjølv.

Oppgåve B3

I biletgalleriet har du sett ei teikning med tittelen «Måltid før og no». Teikninga viser korleis samfunnsutviklinga har endra måten vi kommuniserer på.

Skriv ein tekst der formålet er å formidle tankane dine om det du ser på teikninga. Skriv med tanke på at teksten din skal stå saman med teikninga, og at formålet med teksten din er å skape gjenkjenning og ettertanke hos lesarane.

Lag tittelen sjølv.

Oppgåve B4

Ein del menneske reagerer tydeleg på språkfeil og språklege uvanar hos andre, anten det dreier seg om skriftleg eller munnleg språk. Nokre menneske elsker rolla som «språkpoliti». Andre menneske irriterer seg over det dei oppfattar som mas og pirk.

Skriv ein tekst med tittelen «Språkpolitiet». Du kan for eksempel forme teksten din som eit kåseri, ei forteljing eller eit portrettintervju.

Oppgåve B5

I novella «Duell i klasserom 17» ordnar hovudpersonen opp på ein skule der nokre av elevane har tatt over mykje av makta.

Skriv ein «del to» av novella der hovudpersonen er komen til ein ny by for å hjelpe den andre broren sin, ein fotballdommar.

Bruk «Duell på bane 3» som overskrift.

HELDAGSPRØVE I BOKMÅL

TEMA: KOMMUNIKASJON

*Til venstre i topp teksten skriver du inn nummeret på den oppgaven du har valgt.
Til høyre i topp teksten skriver du inn navn og klasse. I bunnteksten setter du inn sidenummer.*

Velg **én** av oppgavene nedenfor.



Hermann Carmiencke: Egn i Oberlausitz med udsigt til Bøhmen (1837–1840)

Oppgave B1

I forberedelsesmaterialet møtte du gutten Boj, som snakket med dyr og planter.

Skriv en skjønnlitterær tekst der du gir et tre menneskelige egenskaper og evnen til å kommunisere med andre. Teksten skal passe med maleriet som er gjengitt ovenfor. Overskriften lager du selv.

Oppgave B2

I artiklene *Flørteskulen* og *Småprat kan lære nokon å snakke norsk* skriver forfatterne om hvordan vi bør kommunisere når vi er forelska eller når vi vil lære innvandrere å lære norsk. Begge artiklene blir avsluttet med en punktliste med helt konkrete råd.

Skriv en liknende tekst om det å gi tilbakemeldinger på tekster som andre har skrevet. Bruk gjerne eksempler fra ditt eget liv: Har du fått kritikk som har virket mot sin hensikt og fratatt deg både arbeidsglede og skrive lyst? Hva slags tilbakemeldinger har gitt deg lyst til å skrive mer og annerledes? Avslutt teksten din med en punktliste med helt konkrete råd til leseren.

Bruk overskriften «Råd til deg som gir skriveråd».

Oppgave B3

Forberedelsesmaterialet rommer en tekst som heter *Från djungeltelegraf till Internett*. Ifølge *Bokmålsordboka* er den opprinnelige betydningen av ordet 'jungletelegraf' «trommesignaler som brukes av de innfødte i jungelen», mens den overførte betydningen er «rask spredning av nyhet, rykte».

Skriv en tekst med tittelen «Jungletelegrafen». I teksten din skal du bruke ordet 'jungletelegraf' både i den opprinnelige og i den overførte betydningen.

Du kan for eksempel velge å forme teksten din som et reisebrev, en novelle eller et kåseri.

Oppgave B4

Novellen «Duell i klasserom 17» er oversatt fra svensk.

Skriv en tekst der du gir eksempler på og kommenterer hvordan samfunnsforhold, verdier og tenkemåter blir framstilt i novellen.

Lag overskrift selv.

Oppgave B5

I forberedelsesmaterialet har du lest en sakpreget tekst med tittelen «Flørteskulen».

Skriv en skjønnlitterær tekst med tittelen «Flørteskolen». Hovedpersonen skal prøve å følge de seks rådene som står listet opp til slutt i teksten «Flørteskulen».

Du kan for eksempel velge å forme teksten din som en fortelling, et skuespill eller et dikt.

Kva er eit blogginnlegg?

På skriftleg eksamen i norsk våren 2017 såg vi at nokre av oppgåvene i b-delen hadde forslag til kva sjanger elevane kunne skrive. Ein av sjangrane som blei foreslått var blogginnlegg:

Oppgåve B1: Skriv ein tekst med overskrifta «Førsteintrykket stemte ikkje». Førsteintrykket skal knyte seg til korleis andre menneske uttrykkjer seg gjennom språk og utsjånad.

Formålet med teksten din er å underhalde lesaren.

Du kan for eksempel velje å forme teksten din som ei novelle, som ein reportasje eller som eit blogginnlegg.

Dette er ein relativt ny sjanger som kan vere uklar for mange, både elevar og lærarar. Få av dagens lærarar har gjennom utdanninga si fått kjennskap i denne sjangeren. På side 60 er det ei undersøking som elevane sjølve kan gjennomføre for å sjå nærmare på sjangeren. Under følgjer nokre kritiske spørsmål som kan vere aktuelle å ta opp i norskseksjonen:

- Kva avgjer kven som er målgruppa for eit blogginnlegg?
- Blir blogginnlegg som sjanger gjennomgått i norsktimane?
- Kva for type blogg blir brukt i undervisning som døme på gode blogginnlegg?
- Kva for blogginnlegg kjenner elevane til?
- Finst det nokon mal for korleis eit blogginnlegg skal vere utforma?
- Kva kjenneteiknar eit blogginnlegg? Kva må vere med i ein tekst for at han skal kunne kallast eit blogginnlegg?
- Kva er forskjellen på eit blogginnlegg og eit lesarinnlegg, eller ein kommentarartikkel, eller ei ytring?
- Har eit blogginnlegg ei tydeleg innleiing, ein hovuddel og ei avslutning?
- Kan eit blogginnlegg vere både reflekterande, informerande, argumenterande og forteljande?
- Kor langt er eit blogginnlegg?
- Kan eit blogginnlegg ta for seg alle tenkelege tema?
- Må eit blogginnlegg ha korrekt staving og teiknsetjing?
- Må det vere bilde i eit blogginnlegg?

Kva er eit blogginnlegg?

Oppgåve: Vel ti bloggar av så ulike type som mogleg. Sjå om du kan finne nokre likskapstrekk mellom bloggane. Fyll inn i skjemaet under. Oppdagar du nokre mønster? Kva kan du seie om kva som kjenneteiknar eit blogginnlegg ut frå denne vesle undersøkinga?

Namn på bloggen	Kven er målgruppa?	Kva er snittlengda på innlegga?	Har bloggen god rettskriving?	Alder på bloggaren	Tal på bilde per innlegg	Kva tema tar bloggen opp?
Blogg 1:						
Blogg 2:						
Blogg 3:						
Blogg 4:						
Blogg 5:						
Blogg 6:						
Blogg 7:						
Blogg 8:						
Blogg 9:						
Blogg 10:						

KRIMQUIZ 1

FASIT

- | | |
|--|--|
| 1. Kven har skrive den filmatiserte krimromanen <i>Snømannen</i> ? | 1. Jo Nesbø |
| 2. Kva heitte den første krimromanen til Jo Nesbø? | 2. <i>Flaggermusmannen</i> |
| 3. Kva for ein norsk by kjem forfattaren Gunnar Staalesen frå? | 3. Bergen |
| 4. Ingvar Ambjørnsen har skrive ein bokserie for ungdom som handlar om to kameratar som løyser mysterium. Kva er den bokstavrimbaserte tittelen på serien og kameratane? | 4. <i>Pelle og Proffen</i> |
| 5. Kva for ein kjent, norsk forfattar er med på å utvikle den årlege påskekrimmen på mjølkekartongen? | 5. Gunnar Staalesen |
| 6. Under kva psevdonym skreiv den norske forfattaren Andre Bjerke? (Hint: forbokstavane er basert på same initialar som psevdonymet til Henrik Ibsen) | 6. Bernhard Borge |
| 7. Kva er "krim" ei forkorting for? | 7. Kriminal |
| 8. Kva er ein "åstad"? | 8. Staden der den kriminelle handlinga skjedde |
| 9. Kva kallar ein ofte motstykket til ein helt, som ofte har fleire destruktive svakheiter? | 9. Antihelt |
| 10. Kva heiter etterforskaren i krimbøkene til Unni Lindell? | 10. Cato Isaksen |
| 11. Kva kallar vi ofte ein etterforskar som ikkje arbeider for politiet, men snarare driv si eiga verksemd? | 11. Privatetterforskar eller privatdetektiv |
| 12. Kven har skrive kriminalklassikaren <i>De dødes tjern</i> , som også er filmatisert? | 12. André Bjerke |
| 13. Kven har skrive kriminalromanane <i>Elskede Poona</i> , <i>Evas øye</i> og <i>Se deg ikke tilbake</i> ? | 13. Karin Fossum |
| 14. Kva heiter etterforskaren i <i>Elskede Poona</i> , og mange fleire av forfattaren sine bøker? | 14. Konrad Sejer |
| 15. Kva heiter prisen som kvart år blir delt ut til forfattaren av årets beste krimbok, eller anna litterært arbeid innanfor krimsjangeren? | 15. Rivertonprisen eller "den gylne revolver" |

KRIMQUIZ 2

FASIT

- | | |
|---|---|
| 1. Kva for avdøde, britiske forfattar har skrive om den geniale etterforskarer Hercule Poirot? | 1. Agatha Christie |
| 2. Kva heiter den kjende detektivhelten, som det no også er laga tv-serie om, og som vanlegvis er avbilda iført hatt, pipe og rutete jakke? | 2. Sherlock Holmes |
| 3. Kven har skrive ungdomsbøkene <i>Salamandergåten</i> , <i>Undervannsgåten</i> og <i>Einsteingåten</i> ? | 3. Jørn Lier Horst |
| 4. Kva heiter serien som bøkene i spørsmål 3 er ein del av? | 4. <i>CLUE</i> -serien |
| 5. Kven skriv om krimhelten Harry Hole? | 5. Jo Nesbø |
| 6. Edgar Allan Poe blir ofte rekna som oppfinnar av krimsjangeren gjennom forteljinga <i>Mordene i Rue Morgue</i> . Kva land kom Poe frå? | 6. USA |
| 7. Kva heiter etterforskarer som i fleire filmatiseringar av bøkene til Gunnar Staalesen er spelt av Trond Espen Seim? | 7. Varg Veum |
| 8. Kva er eit vitne? | 8. Ein person som har sett noko i samband med ei kriminell handling |
| 9. Kva kallar ein med eit fagomgrep ein bokserie med tre separate verk, men med samanhengande innhald, skrive av same forfattar? | 9. Trilogi |
| 10. Kva heiter bokserien som gjorde den no avdøde forfattaren Stieg Larsson verdskjend? | 10. <i>Millennium</i> -trilogien |
| 11. Kva heiter den sær datakyndige kvinna som er ein av heltane i desse også filmatiserte bøkene av Stieg Larsson? | 11. Lisbeth Salander |
| 12. Kva heiter den kvinnelege etterforskarer i bøkene til Anne Holt? | 12. Hanne Wilhelmsen |
| 13. Kva for statsrådpost har forfattar Anne Holt hatt? | 13. Justisminister |
| 14. Kva kjende forfattar har fransk far, norsk mor, men er likevel både fødd i og ein av dei mestseljande forfattarane i Sverige? | 14. Jan Guillou |
| 15. Kva for norske krimforfattar har også vore programleiar for <i>Fangene på fortet</i> og Nrk-programmet <i>Verdensmester</i> ? | 15. Jon Michelet |

Eksperimenter med språket!

Mange velger å skrive spenningstekster når de blir bedt om å skrive en fortelling eller novelle. Når man skal skrive spennende, er språket helt avgjørende for hvordan man får bygget opp spenningskurven og får leseren til å hige etter å lese videre. Under følger en del oppgaver som går ut på å utfordre språket og finne fram til nye og kanskje enda bedre måter å skrive på, ikke bare i spenningstekster, men generelt.



Oppgave 1: skildre

Studer bildet over. På linjene under skal du skildre fem forskjellige deler av opplevelsen til jenta på bildet. Bruk minst tre adjektiv i hver setning. Bruk skriveboka di eller PC dersom du ikke får plass på linjene under.

Setning 1: Skildre hva hun tenker på (tankereferat).

Setning 2: Skildre omgivelsene rundt henne (miljøskildring).

Setning 3: Skildre at hun snakker i telefon med noen. Skriv en kort dialog.

Setning 4: Skildre grunnen til at hun står akkurat slik og ser utover landskapet.

Setning 5: Skildre jenta som person. Hvilke personlige egenskaper har hun?

Oppgave 2: frys øyeblikket

Når man skriver spennende, vil man gjerne intensivere den mest spennende delen av teksten, der alt topper seg. Dette kaller vi ofte for å fryse øyeblikket eller å utvide øyeblikket.

Oppgave: Situasjonene under er ganske hektiske. Skildre det som skjer på bildet ved å bruke teknikken som står ved siden av bildet. Du kan fortsette på eksempelet som er påbegynt ved siden av bildet, eller du kan lage ditt eget fra starten av. Prøv å dra det så langt som til at du skriver **ti setninger** om akkurat det øyeblikket du ser på bildet!



Bilde A)

Frys øyeblikket ved å skildre den flyvende syklistens **tanker**.


Eksempel: Mens han nærmet seg de hvite skyene, innså han at han på et eller annet tidspunkt kom til å begynne å falle nedover igjen. Han tenkte på den deilige indiske middagen han hadde spist kvelden før og...
→ HVA SKJER VIDERE?

Bilde B)

Frys øyeblikket ved å skildre omgivelsene.

Eksempel: Beina var stive, han beveget ikke en muskel. Treverket gav fra seg knakelyder. Han kunne se biler langt der nede, store og små...

→ HVA SKJER VIDERE?



Bilde C)

Frys øyeblikket ved å skildre kroppslige fornemmelser.

Eksempel: Alle musklene i hånden strammet om håndtaket på det utdaterte våpenet. Synet av det blanke, skarpe stålet gav henne ilinger nedover ryggraden. Hun tok enda et skritt i vannet, stille...

→ HVA SKJER VIDERE?

Oppgave 3: varier førsteordet i setningene

Ta utgangspunkt i eksemplene under. Bytt ut førsteordet i setningene eller skriv om hele setningen slik at det blir mer variasjon. Ingen av setningene skal starte med det samme ordet!

1. Hun sprang så fort beina kunne bære henne. Hun var sliten. Når var hun framme?
Hun så seg over skulderen. Hun skulle ønske hun aldri hadde gått ut så sent. Hun ville hjem. Hun var lei.

2. Jeg liker ikke høsten. Jeg hater at det er mørkt og kaldt. Jeg får ikke sove når vinden blåser slik at karmene knirker. Jeg blir livredd.

3. Han så på henne. Han håpet at hun ikke skulle snu seg og ta ham på fersken mens han betraktet henne slik. Han svettet på ryggen. Han ville ikke at skoledagen skulle ta slutt. Han ville ikke gå hjem der hvor hun ikke var.

4. De satt på toppen av karusellen og så ned. De visste at de kom til å måtte bli der lenge. De hadde satt seg i denne situasjonen selv. De måtte tenke klart. De måtte holde holdet kaldt.

5. Jeg gikk mot døra til klasserommet. Jeg var redd for at panikken skulle ta meg. Jeg var klam i hendene. Jeg gledet med slik til dette var over. Jeg var redd. Jeg var livredd.

Oppgave 4: personskildring

Når man skal skrive en spenningstekst, kan det være lurt å ha en skummel eller suspekt person med i teksten (denne kan bli avslørt helt mot slutten av teksten også). Under ser du en liste med personlige egenskaper. Du skal til sammen lage fem skumle personer ved å kombinere de ulike personlige egenskapene under. Her er også fem bilder av ansikter som du kan navngi. Klipp ut egenskapene og grupper egenskapene ut fra de personene du ønsker å konstruere. Hvem blir den aller skumleste personen? Hvem av dem vil du bruke i en egen spenningstekst? Er det noen av dem som ender opp som (tilsynelatende) snille og greie personer i stedet?

Person 1	Person 2	Person 3	Person 4	Person 5
				

Egenskaper:

utadvendt
innesluttet
mørk i blikket
sint
utspekulert
manipulerende
kunnskapsrik
slu
rik
hissig
stille
beskjeden
vakker
lett på beina
svartkledd
mobilavhengig
løgnaktig

teknisk
klønete
svømmedyktig
sterk
tung
trangsynt
syltynn
langsynt
matglad
driftig
forsiktig
tungpustet
ung til sinns
rød i kinnene
volumiøs
treig
uengasjert

estetisk
utålmodig
seig
stilltiende
belest
hyggelig
hard
populær
sosial
asosial
varm
iskald
motbydelig
oppfarende
svak
irrasjonell
beregående

Oppgave 5: skildring med ordklasseforbud

Under ser du fire bilder. På linjene ved siden av de ulike bildene skal du skildre det du ser på bildet så klart og tydelig som mulig. For hvert bilde er en ordklasse forbudt å bruke. Da må du forsøke å skildre uten å bruke denne ordklassen. Finn fram den kreative språktarmen!

BILDE 1: Hva skjer på bildet? Få fram hendelsene og gangen i handlingene.

Forbudt ordklasse: **verb**



BILDE 2: Hva skjer på bildet? Få fram uhyggen i bildet.

Forbudt ordklasse: **adjektiv**




Bilde 3: Hva skjer på bildet? Få fram hvem personene er. Forbudt ordklasse: **substantiv**




Oppgave 6: skildre kjedelig!

Under ser du et ganske så actionfylt bilde. Skildre det som skjer på bildet så kjedelig som du klarer! Prøv å få situasjonen til å virke så uinteressant som mulig. Det som skjer under hånden må du tenke deg fram til selv. La fantasien flyte, men husk å la det bli så lite spennende eller underholdende som mulig!



Se for deg en av de mest interessante, underholdende eller skumleste personene/skikkelsene du kjenner til. Det kan være en actionhelt, en politiker, en detektiv, en gal venninne, lærer – hvem som helst!

Prøv å skildre denne personens egenskaper slik du kjenner ham/henne, men få personen til å virke som verdens kjedeligste person!



Oppgave 7: informasjon mellom linjene

Å kunne legge noe av handlingen «mellom linjene» i en tekst er en kunst. Under ser du en oversikt over ulike gjenstander som kan fungere som «hint» eller såkalte «frampek» i en tekst. Dette er gjenstander man lett kan se for seg som «suspekter» i en spenningstekst.



En møkkete sko

En gulltann

En halvbrøyt sigar

En åpen flaske med
neglelakk

En stige

En nymalt vegg

En løsbart

En knust lyspære

En halvspist,
fremdeles varm gryte
med grøt

En haltende huskatt

En knust tekjele

En blodfleck

En svart fugl

En hvit due

Et dryssende juletre

En fugl i bur

Et melkeglass som
fremdeles er kaldt

En genser med
avkappede ermer

Et bord med tre bein

Et tent stearinlys

En uåpnet julegave

En låst dagbok

En voodoo-dukke

Et halvferdig
strikketøy

En full skål med
smågodt

En halvspist, rykende
varm kebab

Et rødt flagg







Et hvitt flagg

Oppgave:

Bruk ordene over og skriv en plan for hvordan du kan se for deg at fem av disse ordene kunne vært brukt som frampek eller hint om at noe er galt i en spenningstekst. Ordene kunne også blitt brukt som symboler i en tekst.

Oppgave 8: spenningskurver

Mange kjenner til den klassiske spenningskurven, der man skal begynne rett inn i handlingen, såkalt in medias res, fortsette oppover mot høydepunktet og deretter roe det hele ned og avslutte. Det finnes imidlertid ulike variasjoner over denne klassiske spenningskurven. Mange vil nok også være blodig uenige i hvordan en best mulig spenningskurve bør se ut! Studer de seks meget ulike kurvene under:




Her kan du enten bruke en tekst du allerede har skrevet, du kan skrive en helt ny tekst, eller du kan skrive en disposisjon/plan for en fortelling eller novelle. Se på de ulike spenningskurvene over og prøv å lage en oversikt over hvordan du måtte endre på teksten din dersom den skulle passe til de ulike spenningskurvene over. Må du:

- Legge høydepunktet nærmere slutten? Ha flere høydepunkt?
- Gjøre stigningen opp mot spenningsstoppen i teksten enda slakere? Brattere?
- Må du avslutte roligere? Bråere?
- Må du starte enda mer rett inn i handlingen?

Hvilken spenningskurve synes du selv fungerer best? Hvorfor?

B-økonomi



NORSKnytt

Norsknytt nummer 2/3-2017

Returadresse:
Norsknytt
Postboks 303
7601 LEVANGER

Nordahl Grieg (1902–1943)

Sprinterne

*Niggeren Owens sprinter,
germanerne super sprengt.
det blonde stadion undres,
og Føreren mørkner strengt.
Men tenk da med trøst på alle
jødiske kvinner og menn
som sprang for livet i gaten-
dem nådde dere igjen!*

fra Håbet, 1936